



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Flåm Elveeigarlag v/Terje Hilstad

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/1306-

26.10.2018

## Rehabilitering av Dam Leinafoss i Aurland kommune - klage på vedtak om godkjenning av detaljplan

Flåm elveeigarlag klagar i e-post av 9.7.2018 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) si godkjenning av 6.7.2018 av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Dam Leinafoss ved Leinafoss kraftanlegg i Aurland kommune.

NVE har ikkje funne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev datert 23.8.2018.

### Bakgrunn

E-CO Energi er pålagt av NVE å gjennomføre tiltak på Dam Leinafoss for at han skal oppfylle krava i damsikkerheitsforskrifta. E-CO sendte detaljplanar for miljø og landskap for rehabilitering av Dam Leinafoss til NVE 4.5.2018.

NVE har sendt planane på høyring til lokale myndigheiter, grunneigarar m.fl. **Aurland kommune** har ingen merknadar til planen. **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane** syner til at det er viktig å gjennomføre tiltaket med så små konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv som mogeleg. Tiltaket er ovanfor lakseførande strekning, men kan påverke lakseproduksjonen nedstraums dersom elva blir tilført slam som følgje av anleggsarbeidet. **Sogn og Fjordane fylkeskommune** minner om tiltakshavar si plikt til å syne varsemd, og at fylkeskommunen si kulturavdeling må bli varsla dersom ein støyter på automatisk freda kulturminne under arbeidet. **Flåm elveeigarlag** syner til at vassdraget har status som nasjonalt laksevassdrag og at arbeidet må bli utført etter den metoden som har minst ulempe for livet i elva.

Postadresse  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo  
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse  
Akersgata 59  
oed.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
977 161 630

Avdeling  
Energi- og  
vannressursavdelinga

Saksbehandlar  
Vegard Hotvedt  
Strømsvåg  
22 24 62 53

## **NVE sitt vedtak**

Følgjande er referert frå NVE sin godkjenning av detaljplan 6.7.2018:

"...

*Med heimel i konsesjonen datert 15.01.1993 post 7 godkjenner NVE framlagde detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Dam Leinafoss ved Leinafoss kraftanlegg i Aurland kommune.*

*Vilkår for godkjenning av detaljplan for miljø og landskap:*

- *Arbeida skal gjennomførast i samsvar med krava i post 7 i konsesjon datert 15.01.1993.*
- *Dersom nedtapping av magasinet fører til mykje slam i elva må nedtappinga stogkast og tiltak for å unngå dette skal setjast i verk.*
- *NVE skal haldast orientert om når anleggsarbeidet tek til, ved viktige og/eller kritiske fasar ved byggearbeidet, og når anlegget vert sett i drift.*

*Vårt vedtak føreset at detaljplan for miljø og landskap er i samsvar med vilkår og føresetnader gitt i konsesjonen.*

*Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit av vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter damsikkerheitsforskrifta som og skal vere godkjent før anleggsstart. Tekniske planar for tiltaket vart godkjende av NVE i brev datert 15.05.2018.*

*NVE vil følge opp arbeida med tilsyn.*

*Det kan frå NVE sitt miljøtilsyn bli stilt krav om ytterlegare detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av NVE."*

## **Klagen**

Flåm elveeigarlag har i e-post av 9.7.2018 klaga på NVE sin godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Dam Leinafoss. Følgjande er referert frå klagen:

"...

*Me meiner planen ikkje tek nok omsyn til den svært trua bestanden av anadrom fisk i vassdraget.*

*Grunna låg bestand, har elveeigarlaget stengt fisket heilt i mange år. Før flaumen innførte laget i eigen regi, catch and release reglar i elva. Me har i minst 15 år, køyrt eit vesentleg strengare fiskeregime, enn det fylkesmannen har pålagt oss. Men trass sjølvpålagde restriksjonar og stor insats med kultivering ved flytting av gytelaks, har bestanden gått tilbake. Ein del av årsaken til det, er reparasjonsarbeida NVE utførde etter flaumen i 2014.*

*Laget meiner ein i dette arbeidet, ikkje tok nok omsyn til elva som ein biotop. Ved å gi løyve til "minste motstands veg" i dette tiltaket no, meiner laget NVE stadfestar vårt intrykk av at faginstansen ikkje tillegg biologisk liv i elva tilstrekkeleg vekt. Vidare meiner laget, at eit løyve*

*etter desse vilkåra, vil verka støytande på det lokale initiativet og motivasjonen for å ta vare på bestandane.*

*Ser ein løyvet i samanheng med føringane som gjeld for nasjonale lakseelvar, meiner laget tiltaket bryt med intensjonane i Stortingsproposisjon 32 frå 2006-2007, der det heiter "i nasjonale laksevassdrag vil det ikkje vera tillatt med nye tiltak og aktiviteter som kan skade villaksen".*

*Flåm elveeigarlag sitt metodeforslag, vil gi ein langt betre tryggleik mot tilslamming av gyte og leveområder for yngel i perioden med minstevassføring. Når Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si miljøvernavdeling også støttar dette synet, ser me ingen grunn til at NVE skal stetta ein søknad som opplagt kan medføre unødig stor risiko for villfisken si overleving."*

### **Departementet sine merknadar**

Planen for miljø og landskap blir handsama med heimel i vilkåra for miljø og landskap gitt i konsesjon datert 15.1.1993 post 7. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagaren som er naudsynt for å grunngje vedtaket.

Vassdraget har status som nasjonalt laksevassdrag og er verna i Verneplan for vassdrag. Det er strenge føringar for tiltak i nasjonale laksevassdrag, jf. St.prp. nr. 32 (2006-2007) *Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder.*

Anleggsperioden er planlagt frå desember 2018 til april 2019. Anleggsperioden er lagt til vinterhalvåret på grunn av lite tilsig i denne perioden. For å unngå sedimenttransport og slam i vassdraget er det planlagt å etablere ein fangdam og ein egen ledekanal for tilsig. Under etableringa av fangdam, leievegg og kulvertar vil spyleluka bli opna for å senke vasstanden så mykje som mogeleg. Når fangdam med meir er etablert vil vasstanden i magasinet bli halden 1 meter under HRV. Når fangdam med meir skal bli fjerna, vil vasstanden igjen bli senka så mykje som mogeleg.

Største delen av tiltaka som må gjennomførast er knytt til oppstraums sida av betongdammen som skal forsterkast. E-CO syner til at dei må ha ei tørr og rein byggegrop for å gjennomføre desse arbeida. Mellombels anleggsveg for tilkomst er det naturleg å anleggje på topp av fangdam.

Etter departementet sitt syn er tiltaket planlagt slik at det i størst mogeleg grad er teke omsyn til anadrom fisk, også for å redusere potensialet for slam i elva. NVE har mellom anna sett vilkår om å stanse nedtappinga av magasinet dersom dette fører til at det kjem mykje slam i elva, og om å setje i verk avbøtande tiltak. Departementet finn òg at gjennomføring av tiltaket i tråd med NVE sitt vedtak ikkje vil vere i strid med beskyttelsesregimet for nasjonale laksevassdrag.

**Departementet sitt vedtak**

Klagen frå Flåm elveeigarlag blir ikkje tatt til følgje. NVE sitt vedtak av 6.7.2018 blir halde ved lag.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)  
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

E-CO Energi as  
Norges vassdrags- og energidirektorat